

målfront

AVISA TIL NORSK MÅLUNGDOM

Nr.7 1976

pris kr. 2,-

læremiddelaksjonen 1976



største masse- mönstringa sidan eec!

målfront:

AVISA TIL NORSK MÅLUNGDOM

Redaksjon: Ståle Kolbeinson (ansvarleg)
Kjartan Svindal
Ingrid I. Opedal
Johs. Bleie

Adresse: Postboks 115, 5014 Bergen-Univ
Postgironr. 3 89 09 93.

Trykt i NAK-EIGE TRYKK-, Næstegt. 16,
5000 Bergen.

Frist for stoff til neste nr.: 1/2 -76

ER MÅLET DITT

VERDT EI DAGLØN?

Det er klart. Det er verdt ei dagløn - og mykje meir. Og det kostar ein del dagløner å reisa målet. NMU gir ut aksjonsaviser, reiser omkring for å spreia opplysning om målsak, arrangerer store aksjonar for nynorske læremiddel, dialektaksjonar. Dette kostar pengar, og dei pengane må me målfolk betale. Dagløn-aksjonen til NMU har til no gitt over 15000 kr. Det er god hjelp i det. Men det enno for lite. Viss kvar medlem av NMU gav 20 kroner, ville det bli over 50000 kroner. GJE EI DAGLØN!

Send pengane til NMU, Storgt. 37,
Oslo1. postgironr. 3 46 33 61

TING MÅLFRONT NO

I haust starta Målfront ein tingaraksjon for å sikra økonomien til avisa og for at flest mogleg skulle få lesa Målfront regelmessig.

Målfront har no fått 300 tingarar, og me får stadig fleire. Men NMU har over 2000 medlemmer. ALLE desse og mange fleire må bli tingarar.

TING MÅLFRONT - VERV TINGARAR

Dei som betalar for avisa i haust, får ho ut heile 1977.

TING MÅLFRONT NO! pris: kr. 15,-



Læremiddelaksjonane hausten 1976 har vore dei største sidan 1971, då aksjonane tok til - meir enn 30 000 elevar frå alle høgare skule- slag har vore med. Aksjonane har vore lange, betre organiserte og på eit høgare politisk nivå enn nokon gong før. Kampmidealet boikott

av bokmålsbøker er teke i bruk for fyrste gong, og fleirtalet av aksjonane har teke utgangs- punkt i retten til å velja nynorsk opplærings- mål - ein demokratisk rett som er like viktig for elevar med bokmålsbakgrunn som elevar med nynorskbakgrunn, mot før kamp for berre ny- norskelevane sine rettar.

MØRE OG ROMSDAL:

Det sterkaste aksjonsfylket til no (1. nov- ember) er MØRE OG ROMSDAL, der gymnasutvalet har spela ei leiande rolle i organiseringa av kampen. Målfront har fått ein samtale med formannen i Møre og Romsdal GU, Stein Gikling:

-Det var Fræna vidaregåande skule som trekte det heile i gang hjå oss. Dei sette i gang med boikott av 11 bøker, og vekte kamp- gnisten hjå alle som høyrde om dei.

KVA GJORDE GYMNASUTVALET MED SAKA?

-Vi hadde semester møte 25/9, og vedtok å laga aktivistkonferanse. Han vart halden 9-10 oktober. Her gjorde vi ei rad viktige vedtak. Alle aktivistane skulle gå inn for å få ved- teke streik på aksjonsdagen den 26/10 så fort som råd, første veka. Alle skulane skulle rapportera til GU ein gong i veka så vi visste korleis stoda var. GU vart pålagt å leia kampen på dei vidaregåande skulane, og laga ekstranummer av avisa vår, Lille Marius. Ho kom med to ekstreftak, eit om læremiddel- saka åleine, og eit som knytte læremiddelsaka til dei andre økonomiske krava til statsbud- sjettet. Der summerte vi opp aktiviteten og trakk opp liner for å utvikla aksjonen. Slik kom vi i gang lenge før NGS-leiinga fekk ut fingeren. Skulane leit på eigne krefter, det var det som skapte masserørsle rundt aksjonen så fort.

KV. VAR INNHALDET I PLATTFORMA FOR AKSJONEN?

-Fyrst og fremst dei økonomiske krava - 20 millionar no, og 60-80 mill. over tre år, dvs. det som det vil kosta å få ut alle lære- bøker i den vidaregåande skulen til same tid og same pris. Vi tok med i plattformen at aks-jonen var like viktig for nynorsk- og bokmåls- elevar - nynorske lærebøker er grunnkrav for å verja retten til å læra nynorsk! Utan lære- bøker vert denne rette berre eit papirvedtak.

KORLEIS UTVIKLA AKSJONEN SEG?

-Haram, Tingvoll, Fræna og Surnadal var fyrst ute med streikevedtak - det fekk vi med i 2. ekstranummer av Lille Marius. Men mest alle gymnasa kom med, til slutt var det 12 av 13. Dessutan var det mange andre skuleslag som aksjonerte, fleire yrkesskular og handels- skular og ein folkehøgskule var med. Vi hadde oppmoda om aktiv streik, og det vart det og.

PÅ KVA VIS?

-Fire skular laga demonstrasjonstog. Åle- sund Gymnas var med på eit tog med 500 del- takarar, der var og folk frå yrkesskular og handelsskular. Elles var det tog i Sykkylven, Stranda og Volda. I Tingvoll var det seminar på skulen for ein del elevar, medan resten

var ute i husbesøk og sanka underskrifter for krava. Dei fekk inn 100! Haram gymnas har vedteke å halda på aksjonskomiteen, for kampen er ikkje slutt med dette. Og hybelbuarane ved Haram vidaregåande skule vedtok å reisa heim i helga for å propagandera for saka på heimstaden! I Sykkylven hadde demonstrantane skaffa seg lastebil med ropert, så folk kom ut og såg toget, og krava våre var det ikkje mange som vende ryggen.

VAR DET BERRE ELEVANE SITT VERK, DESSE AKSJONANE?

-Elevane var drivkrafta, og er det fram- leis. Men lærarane støtta aksjonen mange stader. På Haram hadde rektor og lærarane samla inn 500 kroner til aksjonen! Alle som arbeider i skulen i nynorskstrek veit kor urett- vis læremiddelpolitikken er, og korleis han tvingar elevane vekk frå nynorsken. Difor står både foreldrar og lærarar og anna folk denne kampen.

PÅ EIT MØTE I OSLO DEN 26. KOM DET FRAM AT KORKJE FORLAG, KYRKJE- OG UNDERVISNINGS- DEPARTEMENTET ELLER KYRKJE- OG UNDERVISNINGS- KOMITEEN ER VILDUGE TIL Å INNFRI LÆREMIDDEL- KRAVA. KORLEIS SER DU PÅ DEN VIDARE KAMPEN DÅ?

-Eg meiner vi ikkje skal gje oss! Det har synt seg før at det må harde aksjonar til for å få fram læremiddelsaka i det heile. GU i Møre og Romsdal har ikkje kome saman enno for å drøfta stoda etter den 26., men eg vil i alle fall gå inn for å styrka kampen no. 20 mill. er eit minstekrav for 77-bud- sjettet, og om Stortinget ikkje tek såpass i, er det det same som å vedta fortsatt lovbrøt!

HAR AKSJONANE FØRT TIL OPPSVING FOR SJØLVE MÅLSAKA?

-Målsaka sto jo alt sterkt i store delar av fylket, men det er eit oppsving, ja. i Åle- sund var det møte om kvelden for å få i gang elevsamfunna att. Aksjonen har verka til å styrka det aktive elevdemokratiet og. i Sunn- dalsra skal vi få fart i målarbeidet no. Det er viktig å sjå læremiddelsaka som ein del av kampen for lik rett til utdanning, di- for kjem vi til å ta opp læremiddelsaka som ei hovudsak i aksjonsveka NGS skal ha for dei økonomiske krava elevane stiller til stats- budsjettet. Her gjeld det å vera konkret, så målet for kampen ikkje kokar bort. Parolen er framleis 20 MILL. OVER 77-BUDSJETTET - FULL JAMSTELLING I LÆREMIDDELPRODUKSJONEN INNAN TRE ÅR!

SVÆRT VELLUKKA



1500 I MÅLT OG PÅ VOSS

Læremiddelaksjonen på Voss må vel kunna seiast å vera ein av dei mest vellukka eit lo kallag nokongong har fått til. Mest 1500 elev-ar og lærarar deltok i demonstrasjonstoget på "Vangen" - noko som vitnar om breitt og godt færearbeid i Aksjonsnemnda.

Randi Moe i Elevmållaget ved Voss Gymnas fortel i ein samtale med "Målfront" litt om færebuingane til og gjennomføringa av aksjonen.

-Med utgangspunkt i ei sams aksjonsnemnd la dei einskilte skulane på Voss opp sine eigne aksjonsformer, med samling til demonstrasjonstog på Vangen midt på dagen, fortel Randi Moe.

Både elev-ar og lærarar støtta 100 % opp om demonstrasjonen og dei "sentrale" og lokale krav nynorskfolket strir for. I tillegg til alle Vosseskulane stilte og elev-ar frå Ulvik Ungdomsskule og Statens Gartnarskule på Hjeltnes opp i toget. Kvar skule hadde laga eigne plakatar der dei mellom anna kom med særskilte krav til sine eigne skular.

Etter toget, som både hadde eigne musikerar og songarar, heldt Arne Skjerven frå Ulvik, Kåre Lie frå Voss Jordbrukskule og Berit Kaardal frå Statens Gartnarskule på Hjeltnes appell.

Randi Moe fortel vidare at aksjonsnemnda hadde pressekonferanse etter demonstrasjonen- og om kvelden var det stor målfest for alle interesserte med kultur og gammaldans.

-Reknar de no læremiddelaksjonen 1976 som avslutta på Voss?

-Nei, no skal me ein av dei fyrste dagane ha ein der-til-der-aksjon for å samla underskrifter på krava om språkleg jamstelling, fortel Randi Moe, som saman med dei andre vossingane kan sjå attende på ein svært vellukka læremiddelaksjon i år.

MED LAUSELD OG SLAGORD

GJENNOM TRONDHEIM.

"Adresseavisen" fekk seg ein alvorleg støkk den 28. oktober, då 3-400 skuleelevar og studen-tar i halvmørkret marsjerte gjennom gat-ene i Trondheim under tektfaste rop om: "Nynorske lærebøker! NYNORSKE lærebøker! Auka løyvingar til nynorske lærebøker!"

For "Adressa" nemnde ikkje demonstrasjonen med eitt ord, endå fleire hundre meter høgrøysta ungdomar strauk husovene på redaksjonslokala med faklar som spegla seg i "Adressa" sine utstillingsglas! At same avisa hadde eit oppslag om "Fræna-aksjonen" dagen før, viser berre at ho gjerne ville framstilla læremiddelaksjonen som ein lokal og spontan aksjon, og ikkje som det han er; den største masserørsla etter EF-striden.

Telefontimen i Trøndelagsendinga den 28. oktober var vigd læremiddelaksjonen, Jon Todal og Kristin Eise frå Trondheim Målungdom svara på spørsmål og parerte for åtak. Det siste var sjeldan naudsynt. Dei fleste ringde inn støtte til aksjonskrava. Bra!

Om kvelden laga Studentersamfunnet til møte. Edel Hoem frå Fræna snakka seg og oss andre varme, så ingen kunne tvila på motet og kampviljen. Hans Rotmo tok målvastemningsvisa si, og fleire med. Me prøvde oss på ei færebels oppsummering, og allsang, og gale gjekk det ikkje.

Med læremiddelaksjonen -76 tok målreisinga i Trondheim eit steg til framover. Elev-ar ved yrkesskular og gymnas, som Ringve gym, Tr.heim sk. gym, Brundalen og Moholt yrkesskular kasta seg med i mobilisering og propaganderi, ikkje berre for rettferd, men for nynorsk. Ein ikkje liten del av toget var og ikkje-studentar!

Stort menneskap var i sving vekene før. Aksjonskomiteen vart laga tidleg i haust, med folk frå mange skular, leia av meir garva NMU-arar. Då det gjekk heller trått med mobiliseringa, vart ei aktivistgruppe

stampa opp frå medlemsmassane i Trondheim, og brukte som stormtropper i Trondheimsskulane dei siste vekene før den 28.30 timar hadde dei i skulane, og i tillegg eit dagsopplegg på Røros.


Utover i distriktet vart læremiddelaksjonen diskutert, og aksjonsavisa spreidd, men dei elevane som arbeidde for å reisa kraftige aksjonar fekk altfor lite hjelp frå AU-Trøndelag, og det vart berre Røros som hævde seg utpåistreik, forutan Tingvoll og Sunndalsøra på Nord-Møre.

Kjeften og motet har hjelpt AU mang ein gong men her lyt me seiast me rakk ikkje over arbeidsområdet vårt så godt som me skulle: menneskap og krefter strakk ikkje til.

Likefullt vil me helse og takka dei som tok tak og drog i land ein stor aksjon: for jamstelling, og for norsk mål.

O. Wiik

AKSJONAR



MANGE STORE AKSJONAR PÅ NORDVESTLANDET

SIGRID SEIM er med i NMU sitt arbeidsutval for Nordvestlandet. Har du fått inn melding om koss det har gått med aksjonen frametter?

-Me har ikkje full oversikt enno, men dei meldingane me har fått inn viser at oppslutninga om læremiddelaksjonen har vore enorm. Det er også fleire skuleslag enn før om åra som har aksjonert, både gymnas, yrkesskular, handelsskular, folkehøgskular, lærarskular og distriktshøgskule.

-Fråna vidaregåande skule streika 1½ dag då statsbudsjettet vart lagt fram, og aksjonerte den 26. oktober.

-Molde gymnas streika den 26. og hadde demonstrasjonstog i byen.

-Haram vidaregåande skule hadde "100% vellukka aksjon" der alle elevane var med i klassedis-kusjonar, husaksjon og demonstrasjonstog.

-Ålesund gymnas, Ålesund yrkesskule hadde streik, demonstrasjonstog, plakatkuk og festmøte om kvelden.

-Borgund yrkesskule hadde vedteke streik, og på aksjonsdagen vart elevane stengde ute frå skulen av rektor. Han saboterte aksjonen på fleire måtar (reiv ned plakatar og veggaviser). Elevane organiserte likevel plakatkuk og underskriftinnsamling i bygda.

-Sykkylven vidaregåande skule gjekk til heil-dagstreik med underskriftinnsamling og demonstrasjonstog.

-Stranda vidaregåande skule, Vestborg handels-skule streika og gjekk i demonstrasjonstog.

-Møre folkehøgskule i Ørsta vedtok heildags-streik og hadde plakatkuk og underskriftinn-samling.

-Ytre Herøy yrkesskule i Fosnavåg vedtok streik.

-I Volda aksjonerte alle skulane, nokre skular streika, det var demonstrasjonstog, plakatkuk og underskriftskampanje.

AKSJONAR I KVAM

MÅLFRID UTNE i Kvam Målungdom summerer opp læremiddelaksjonen 1976 i Øystese, Norheimsund og Ålvik på denne måten:

-Aksjonen må kunna seiast å ha vore vellukka: folk er vortne oppglødde for saka, og nivået på læremiddelspørsmålet er vorte høgare.

I Kvam starta ein aksjonen laurdagen før 26. med plakatkukar kring i distriktet. Hovudaksjons-dagen vart opna med allmøte på gymnaset, der ei mellom anna vedtok ei fråsegn til KUD. Deretter reiste 50 på husbesøk, 20 på plakatkuk, og rest-en vart delt inn i studiegrupper, fortel Målfrid Utne.

Også i Øystese var det aksjonsfest om kvelden med program og oppsummering av aksjonen. Det tyk-test vera stor semje om at elevane valde rett når dei valde kampliba: ein vil oppnå meir med ein slik aksjon enn med mildare aksjonsformer, meir elevane i Kvam, som i år aksjonerte i eit tal på kring 200.

AKKURAT DET DU TRENG I TILLEGG TIL

målfront: NORSK TIDEND

Namn:

Adr:

Kringkastingsringen, Kirkegata 36, Oslo 1
Postgiro 1 84 17

I alt var det om lag 1600 elevar og studentar som deltok i læremiddelaksjonen i Volda.

Aksjonen vart avslutta med ein kulturkveld.

-Eid gymnas hadde plakatkuk og underskrift-innsamling.

-Firda gymnas, Sandane gjekk ut i heildags-streik med demonstrasjonstog, plakatkuk og innsamling av underskrifter.

-Me har som sagt ikkje fått inn rapporter frå alle laga enno, men me veit at ein god del fleire skular enn desse har aksjonert for ny-norske læremiddel.

-At så mange elevar streikar og demon-strerer vekker oppsikt. Både avisene og lokal-radion dekkar aksjonane bra. Aksjonen har og styrka det organiserte målarbeidet. Ungdomar i Sykkylven skipa eit målungdomslag den 2. nov. Elles har ein del lag som har vore avake fått inn nye krefter etter aksjonen. Det er planar om å skipa nye lag fleire stader.

læremiddelaksjonen 1976

BØ I TELEMARK

NILS OLAV BOTNEN frå Bø i Telemark melder om ein vellukka aksjonsdag i Bø.

-På distriktshøgskulen her i Bø var det studieboikott halve dagen. Både førelesingar og lesesalane vart boikotta. Elevane på gymnaset streika ein time. Om føremiddagen hadde me eit aksjonsmøte i Folkets Hus. Elles sto me i Bøgata med ein plakatbukk.

-Omlag samtlege tilsette ved sistrighthøgskulen skreiv under eit støtteopprop der det mellom anna sto at dei forsto fullt ut kvifor studentane måtte gå til ein så hard aksjon som studieboikott. Direktøren for skulen var ein av dei som gjekk i spissen for å få samla inn støtteunderskriftane. Læremiddelaksjonen har fått brei støtte her i Bø. Mellom andre har ungdomslaget, bondekvinnelaget, SV og Venstre støtta oss.



LÆREMIDDELAKSJON I OSLO

Læremiddelaksjonen i Oslo starta med at to skular, Nordhaug vidaregåande skule og Forsøkesgymnas, var med og boikotta historie-boka "Nordmenn før oss". Seinare sette me i gang arbeidet for å få skulane til å gå ut i streik på aksjonsdagen. Det var i alt seks skular som streika: Ulsrud vidaregåande skule, Oslo Katodraleskule, Nordhaug vidaregåande skule, Holtet gymnas, Nordstrand gymnas og Sinsen gymnas. Me delte ut flygeblad i Oslo sentrum, på ein del skular og på universitetet.

Om ettermiddagen gjekk 230 i demonstrasjonstog frå universitetsplassen til Youngstorget. Edel Hoem frå Frøna heldt ein appell. Om kvelden hadde me eit møte med representantar frå Kyrkje- og Undervisningsdepartementet, Kyrkje- og undervisningsnemnda i Stortinget, Forleggerforeninga, Universitetsforlaget og Aksjonsnemnda. Ingvar Moe underheldt på møtet.

RAPPORT FRÅ ÅS

ØYSTEIN HAVREVOLL i Studentmållaget i Ås, koss er læremiddelstoda på Norges Landbrukskøleskule?

-Her på landbrukskøleskulen er læremiddelstoda elendig. Difor gjekk studentane her til ein lokal aksjon den 26. oktober. Me hadde plakatbukk på skulen og delte ut aksjonsavisa og flygeblad, selde Målfront og Gula Tidend, me selde jakkemerke, kvitboka og postkort til underskriftskampanja. Tidlegare hadde me sett opp plakatar om aksjonen på skulen og studentheimane. Om kvelden var det ein del av oss som reiste til Oslo for å vera med i den store læremiddeldemonstrasjonen der. Me kjem til å ta kontakt med administrasjonen for skulen for å finna tiltak til å betra læremiddelstoda her.

-Studenttinget i Ås vedtok ei støttefråsegn med full støtte til krava:
SPRÅKLEG JAMSTELLING INNAN TRE ÅR!
20 MILLIONAR TIL NYNORSKE LÆREBØKER PÅ
STATSBUDSJETTET FOR 1977!


STREIK I FØRDE

-Var det bra oppslutning om læremiddelaksjonen i Førde, Knut Hovland?

-Ja, her i Førde var to skular ute i heildagsstreik - gymnaset og handelsskulen. Under streiken var vi ute og besøkte folk i Førde for å få ut opplysning om aksjonen. Vi hadde plakatbukk, gruppearbeid og ein god pressekonferanse. Vi samla inn om lag 2500 underskrifter til støtte for krava våre.

-Solvang Folkehøgskule, Fylkesyrkesskulen i Førde, Mo jordbruksskule og Heimyrkeskulen i Jølster slutta seg til den siste delen av streiken, med demonstrasjonstog og all-møte. Demonstrasjonstog samla 600 deltakarar.

-Om kvelden hadde vi all-møte i Førdehuset med oppsummering av aksjonen og gruppearbeidet. Vi vedtok også ei fråsegn til Kunemnda i Stortinget der me krev m.a. full språkleg jamstelling i alle skuleslag innan tre år og 20 mill. på statsbudsjettet for 1977.



læremiddelaksjonen 1976

LÆREBOKVISE

MEL: Napoleon med sin hær-

I hovudstaden sit alle store kloke menn
dei lagar fine lover, men løyver ikkje peng
Vi spør om læremiddel på vårt eige vakre mål
men kvar gong får me svar:
De lyt ta det litt med tol.

No har me vore kua i fleire hundre år
fjern bokmålsdiktaturet-me vil hava betre kår
Den rett me krev er einast, på demokratisk vis
få nynorsk bok til alle
til same tid og pris!

2 MV/Voss Gymnas

nye lag:

FLORA

NYTT MÅLUNGDOMSLAG I FLORA

I kjølvatnet etter læremiddelaksjonen
følgjer nye mållag. Ei veke etter aksjonen
samla gymnasiastane i Flora seg til eit møte
og skipa Målungdomslag.

SYKKYLVEN

NYTT MÅLUNGDOMSLAG I SYKKYLVEN

Elevene på Sykkylven vidaregåande skule
gjekk til streik for nynorske læremiddel i
oktober. Dei viste tydeleg at dei slutta opp
om målsaka. Sykkylven Mållag skipa difor til
eit møte den 2. november for å få i gang eit
målungdomslag. Leiaren for det nye laget vart
Hallstein M. Ånes. Med seg i styret har han
Bastian Weiberg-Aurdal, Lillian Holmeset, Ellen
Hoprekstad og Kjetil Sletten.

LEVANGER

NYTT LAG I TRØNDELAG -
LEVANGER MÅLUNGDOM

Levanger Målungdom vart skipa 9. november
på lærarskulen i Levanger. Eit styre på sju
vart valt, og arbeidsprogrammet vart drøfta.

Vidar Vambheim frå AU-Trøndelag snakka om
kvifor me driv målarbeid, om skulemålet i
Trøndelag, om dialektaksjonen og om organisa-
sjonsarbeid. Ottar Wiik hjelpte til etter
evne med lausprat og flaue viser. Økonomi-
arbeidet fekk ein fin start, med kakelotteri,
og kake slapp ikkje utan mein.

Store oppgåver ligg framføre Levanger
Målungdom. Dei tre siste nynorsk-krinsane
i Levanger kommune ligg lagleg til for bok-
målsorm og hogg. Dei skal forevarast, og
barn i Levanger skal få gå i nynorskklassar
om ikkje altfor lenge.

Hurra, og tvi, tvi for Levanger Målungdom!
Ottar Wiik



Foto: Odd Bjørn Solberg

NOK EIN GONG:

MÅLSABOTASJE

I MILITÆRET

Underteikna vil med dette brev utdjupe
misnøya med språkjamstillinga i Forsvaret. Då
vi skulle utfylle eigafråsegna på H.S.B.Ø.
Jørstadmoen, var ho ikkje å oppdrive på nynorsk.
Då vi nekta å skrive under på bokmål, vart vi
innkalla på troppskontoret. Der fekk vi vite
at blanketten ikkje var trykt på nynorsk, og
vart truga med å bli sende til Brigade Nord,
dersom vi ikkje skreiv under på bokmålsblan-
ketten. Vi gjekk vidare med saka. Vi snakka
seinare med kompanisjefen. Vi kom fram til ei
kortsiktig løysing ved at vi sjølve kunne ratte
blanketten til nynorsk. Dette er berre ei kort-
siktig løysing då problemet framleis vil vere
uløyst.

Vi har fått det inntrykk at Forsvaret ser
hånleg på oss avdi vi skriv nynorsk. Det syner
seg at svært få torer be om nynorske tekstar,
avdi det er stort fleirtal bokmålsfolk. Vi kjem
til å sende skriftleg klage til Ombodsmannen
for Forsvaret.

Eivind Tøn, Bjørn Bjørkedal
Kp. 4 3. tropp HSBØ
2617 Jørstadmoen

Målfront kjem her med fyrste del av eit intervju med Olav Randen om nazismen. Neste del av intervjuet - om målrørsla og nazismen - kjem i neste nummer av Målfront

Olav Randen: Forby Norsk Front !

OLAV RANDEN, KVIFOR MEINER DU AT NYNAZISMEN
BØR DRØFTAST I MÅLRØRSLA?

-Sume har trudd at fascismen berre høyrer fortida til, og at nazitankar og -handlingar vart gravlagde for godt då Det tredje Riket braut saman i 1945. Dei har trudd at dødsdommen mot Quisling og straffinga av andre quislingar var slutten for naziuvesenet i Norge. Dei som har tenkt slik, tek i miss.

KORLEIS ER NAZISTANE ORGANISERTE HER I LANDET?

-Den største nye Quisling-organisasjonen i Norge kallar seg Norsk Front. Dei spreier rasistiske flygeblad og plakater. Dei stel - og får - militære våpen, og øver seg i å bruke dei. Dei har kasta tåregass- og røykbomber under demonstrasjonar, og dei har mordbrannfreistnader på samvitet. Dei driv registrering av arbeiderleiarar og politisk forfølgjing.

Programmet deira er i innhaldet og ofte ord for anna likt programmet til Nasjonal Samling og programmet til nazipartiet til Hitler. Dei vil ha ein sterk stat der parlamentarismen ikkje lenger er å finne, og med ein diktator - Führer - ved roret. Dei er konservative rasistar, og vil etterreise ideen til Quisling om eit "rasereint" nordisk forbund. Liksom Hitler og Quisling vil dei ha vekk ytringsfridom, organisasjonsrett og rettetryggleik for folk som ikkje godtek ideane deira. Liksom Quisling vil dei avskaffe organisasjonane LO og NAF og setja eit "næringsting" i staden.

I gruppa er ein del gamalnazistar, folk som tente under Hitler og Terboven, Quisling og Rinnan i krigstida og aldri har meint at dei gjorde gale med det, men som i staden har halde hakekrossar, våpen og nazitankar blankpussa. Desse har alliert seg med ein del overklasseungdomar og skipa Norsk Front. Ungdomane utgjer nok fleirtalet av medlemene i dag. Det gjeld å huke tak i tenåringar, seier dei sjølve, for "de har ikkje foreldre som har opplevd krigen, og er således istand til å innta en mer saklig og nøktern holdning til nasjonalismen".

Pengekjeldene deira er rike, slik at dei ikkje har problem med å finansiere sprelling av materiale, møte- og reiseverksemd med meir.

KVA MED NYFASCISMEN I ANDRE LAND?

-Nyfascismen er ikkje særnorsk. I England finst fascistpartiet National Front, som stiller i val og samlar ein del røyster, og som arbeider med å byggje ein borgarhær. I Italia finst fascistorganisasjonen MSI, med mord, attentat, brannpøsetjingar og terror i stort omfang på samvitet. Ei stund attende vart det avslørt at MSI saman med delar av militæret og ein del storborgarar planla statskupp i landet. I USA spreier eit naziparti med rettlinje arv frå Hitler-Tyskland gifta si. Liknande skjer i mange andre land.

Mellom fascistgruppene i ulike land er det nære kontaktar. Nordiske og europeiske fascistar har hatt mange sam-møte siste åra, i München løynt bak Olympiaden i -72, i Barcelona, Marseilles og Göteborg. På desse møte haustar Blücher og annan nazi-ungel røynslar frå gamalnazistar som har gått i lære hjå Hitler og Goebbels, Franco og Mussolini. På desse møte blir det internasjonale fascistiske kontaktnettet spunne tettare.

KVA PLANAR LEGG DEI OPP? KVEN FINANSIERER
VERKSEMDE DEIRA? KAN DEI FÅ NOKON OPPSLUTNAD?

-Svare finn me lettast om me ser på tredve-åra, for tredveåra minner på svært mange måtar om den tidbolken me er inne i no. Dei harde tredveåra var ei tid med djupe krisar, med aukande rivalisering mellom stormaktene, med hard klassekamp og med framveksande fascisme liksom syttiåra er det.

Me kan sjå på den tyske varianten, på nazismen, for å finne fram til dei viktigaste kjenneteikna ved denne rotenskapen. Sume historikarar har sagt at Hitler berre var ein maktsjuk pratmakar, som kom til makta nærast ved eit tilfelle. Maktsjuka pratmakarar finst det ein del av, men få av dei blir diktatorar. Det som skilde Hitler frå maktsjuka pratmakarar flest, var at attom nazipartiet sto store delar av herskarklassen i landet. Blant dei aktive støttespelarane til Hitler var storkapitalistar som stålagnaten von Thüßen og kolkongen Emil Kirdoff, dei leiande tekstilfabrikantane Mütschmann og brørne Lahusen, som Krupp, Siemens og Deutsch. Dei kosta stordelen av verksemda. Dei skaffa kontaktar. Dei bygde ut partiet. Og Hitler førte deira politikk.

Hitler og nazipartiet var for nådelaus kuing av folket. Dei innførte eitpartistaten. Bokbåla brann rundt om i Tyskland i -33. Folk som opponerte, vart kasta i fengsel og konsentrasjonsleirar, der barbariske torturmetoder skulle knekke dei. Nazistane sette i gang ei omfattande terrorverksemd i dei fleste landa i Europa med mord, brannpøsetjingar, kidnapping og lygner. Dei kravde lebensraum frå andre land. "Me aktar å plyndre, og me skal gjere det grundig," som Gering sa. Dette var innhaldet i politikken deira. Men kva gav dei den oppslutnaden dei fekk? Eg har nemnt at dei hadde finansfyrster, militærleiarar og statsapparat i ryggen, og kunne difor drive omfattande valarbeid. Det andre var lygnane. For å lokke folk til seg førte dei konsekvent falsk tale. På demagogisk vis prøvde dei å gjera krav og tiltak folk var opptekne av, til sine.

Me kan sjå på partinamnet, NSDAP eller det nasjonalsosialistiske tyske arbeidarpartiet. Var partiet nasjonalt? Nei, det var i staden imperialistisk og for kuing av andre land. Var partiet sosialistisk? Nei, det førte i staden den hardaste striden mot sosialismen verda enno har sett. Var partiet eit arbeidarparti? Nei, det var staden konsekvent for å halde arbeiderklassen nede. Arbeiderane skulle få rettferdig løn, love dei, og dei skulle gjera slutt på arbeidsløysa. I staden fekk arbeiderane slaveri, tvangsarbeid og svolt. Arbeidande ungdom skulle gå ei lys framtid i møte, love dei. Framtida til ungdomen vart som arbeidsledige, som slavar og som soldatar og kanonføde i framande land. Lågare funksjonærar og embetsmenn skulle få tryggje kåra sine, love dei. I staden vart dei underkasta eit nytt og beinhardt byråkrati. Tyskland skal bli eit jordbruksland, sa Hitler. I staden vart milliontals bønder og bondesøner og -dottrar jaga frå bygdene og ut i fattigdom og arbeidsløysa i byane, og landarbeiderane vart til halvt liveigne utan rett til å ta arbeid der dei ynskte. Handverkarar og små industrieigarar finn framtida si hjå oss, sa Hitler - og vedtok ei monopoliseringslov som førte til sanering av dei fleste små føretak og at nyetableringar ikkje kunne finne stad utan ein startkapital på minst 200 000 mark.

Slik var dei falske lovnadene til Hitler og nazipartiet hans. Partiet styrte landet i samsvar med interessene til dei største av storkaksane, og mot interessene til alle andre.

KORLEIS SKAL EIN DEFINERE ORDET FASCISME?

-Me har sett på den tyske trettiårs-nazismen. Hovudtrekka er dei same i andre land. Ein presis definisjon av fascismen hentar eg frå den bulgarske arbeidarleiaren og leiande antifascisten Georgij Dimitrov:

"FASCISMEN ER DET ÅPNE, TERRORISTISKE
DIKTATURET TIL DEI MEST REAKSJONÆRE,
MEST SJÅVINISTISKE OG MEST IMPERIAL-
ISTISKE DELANE AV FINANSKAPITALEN."

Sume gjev fascismen eit anna innhald. Historikaren Hans Fredrik Dahl har til dømes hevda at fascismen er lære og handlemåte til eit pressa småborgarskap, bønder, fiskarar, handverkarar og handelsmenn. Eysteinn Eggen har i same lei skrivi i ein dal artikkel at fascismen er eit svinnande bondesamfunn sin reaksjon på den nye tida.

Dei brukar norsk mellomkrigstid for å dokumentere dette. Men det klikkar for dei, for dei skil ikkje mellom drivkreftene og masseoppslutnaden. NS fekk ein viss masseoppslutnad i sume bygder. Men det er ikkje medlemskartoteket, men kreftene attom som fortel mest om organisasjonen. Attom NS og andre nazi-organisasjonar i Norge stod især finansfyrstar og militærleiingar.

HAR DU DØME PÅ DETTE?

-Samfundshjelpen og Samfundsvernet, Leidangen og Nordisk Folkereising hadde alle offiserar og borgarar i leinga. Samfundshjelpen til dømes var ein militært ordna organisasjon som skulle slå ned arbeidaropprør og streikar og som spreidde mykje Mussolini- og Hitlerkveikte tankar. Denne kvitgarden vart skipa i 1920 og fungerte til 1942. Eit stort sekretariat fanst på Akershus festning, eit mindre på Bergenhus. "De økonomiske midlar ble stilt til disposisjon av rederier, industribedrifter og banker i hovedstaden," skriv historikaren Sverre Bergh Johansen.

"Herremannskretsen" var ei samling storborgarar og antikommunistar som arbeidde for å stå all kamp mot arbeiderrørsle politisk og økonomisk. Presidenten i Industriforbundet, direktør Johan Throne Holst i Freia, var sentret i herremiddagane og mannen som presenterte Quisling for kretsen. Derifrå fekk major Quisling, advokat Johan B. Hjort (Quisling si høgre hand i tredveåra, riksmålsleiar etter krigen) og kaptein Prytz både pengar og annan hjelp i arbeidet med å byggje ut NS. Mange av "herremennene" tok nok offentleg avstand frå NS; medlemskap i Høire eller Frisinnede Venstre høyrdest meir anstendig ut. Men under bordet strøymde pengane, og på tomannshand kunne desse dei slutte seg til at det sat 149 representantar for mykje på tinget. Throne Holst til dømes var offisielt med i Frisinnede, men tok endåtil del i skipingsmøtet til NS i mai -33.

Dette var berre eit par døme. Men dei talar klårt nok. Det var korkje bønder eller handverkarar, men offiserar, finansfyrstar og leiande politikarar som gjekk i brodden for å gjennomføre nazistiske tiltak og byggje ut nazi-organisasjonar. Og ein ting til. I bygder flest er det to slag folk, det er småkårsfolk og storfolk. Til storfolke høyrer bygdekapitalistane, storbøndene, skogeigarane, prestane, lensmennene og ofte ordførarane. Det var i fyrste rekkje desse gruppene som rekrutterte quislingar. Den som seier at mange quislingar var bygdefolk, må i staden seia storfolk frå bygdena.

MEN TRENG ME OTTAST FASCISMEN HER I LANDET?

-La oss sjå på nokre einskilde ting i norsk historie som det står lite om i lærebøkene, men som er viktige likevel.

I 1934 vart det nær på inngått eit omfattande samarbeid mellom NS, Fedrelandslaget, Frisinnede Venstre og Bondepartiet. Initiativet kom frå NS. Før den andelega protokollen vart underskrive, fekk det største av partia, Bondepartiet, kalde føter og hindra såleis truleg at Quisling vart førar for det dei kalla ein nasjonal blokk.

-Mange aviser spreidde nazipropaganda. Det galdt ikkje berre Fedrelandslaget sitt blad ABC (med seinare styrar for Høyres Pressebyrå Rønne Halle som redaktør og stortingsmann for same partiet Erling Petersen i redaksjonen), men og meir kjente aviser som Tidens Tegn og Nationen, Aftenposten og Morgenbladet. "Meir fascisme" kravde Sjefartstidende på leiarplass. Særleg var aviseneause med godorda om Hitler, og fleire aviser meinte at dei to største krigshissarane i tida, Hitler og Mussolini, skulle få Nobels fredspris på deling.

-Førebuingarbeidet til quislingane og propaganda for Hitler-Tyskland var av dei tinga som la grunnlaget for ein lettvinnt invasjon i Norge frå Wehrmacht i 1940, og for at stor-delen av statsapparatet og bedriftslivet vart reiskapar for okkupantmakta. Statsleiarar og borgarar flest anerkjente og innordna seg under okkupantmakta og Quislingstyret med svært veike atterhald. Dei reiste ikkje kampen. Motstandsarbeidet kom i gang, men det var det vanlege arbeidsfolk som sto for.

Treng me då ottast fascismen? Både ja og nei. Ja, dersom mange seier at fascismen er ufarleg. Ja, dersom me seier som regjeringa, at me godkjenner det nye quislingpartiet berre det blir stort nok - akkurat som eit stort quislingparti er betre enn ei lita quislinggruppe. Nei, dersom mange gjer som sporvegsarbeidarane gjorda då dei kravde nazistane vekk frå arbeidsplassen deira. Nei, dersom mange gjer som Norsk Papirindustriarbeiderforbund, som i mai i år gjekk til streik for forbod av Norsk Front. Nei, dersom endå fleire gjer som dei sikkert hundre fagforeningane og klubbane som har kravt forbod mot Norsk Front. Fascismen i Tyskland kunne vore hindra. Den andre verdskrigen kunne og vore hindra. Ein brei og sterk einskapsfront mot fascismen og krigen kunne gjort det. Me må lære av gamle mistak. Men i dag er dei få og veike, seier sume. Rett nok, men eit godt norsk ord seier: Betre føre var enn etter snar. Og det å vera føre var vil seia at me ikkje skal gje dei nokon frist til å vekse seg større.



John Heartfield: «Millioner står bak meg» (1932)

nordnorsk måltning

Dei nordnorske dialektane treng nynorsken

"MÅLFRONTS" UTS. MEDARBEIDAR
MAGNE HEIDE

Målet vårt er å få nye parallellklassar med nynorsk i Tromsø hausten 1977. Vi er optimistiske når vi no ser at folk finn at nynorsken passar best i skolen. Foreldre satsar på nynorsk-klassen.

Det var Reidun Mellem, lærar og med ein unge i nynorskklasse, som sa dette på NORDNORSK MÅLTING 76 som blei arrangert i Tromsø helga 6. og 7. november.

- Det var i 1975 at det blei aktuelt med ein parallellklasse med nynorsk opplæringsmål. Skole-sjefen "gløynde" å opplyse foreldre om at dei kunne velje målform for ungane sine når dei meldte dei inn i skolen. Vi tok dette opp med foreldre, og resultatet blei at vi fekk 12 elevar med nynorsk opplæringsmål. Seinare kom det to nye til.

ELEVANE TRIVST I NYNORSK-KLASSEN

Reidun Mellem kunne og fortelje at dei prøvde å få ein lærar med nordnorsk talemål til klassen - for å slå i hel myten om at nynorsken er "vest-landsk". Vi fekk det, men læraren skifta dess-verte plass etter eit år.

- Mellom ein del av dei andre lærarane var det ein viss uvilje mot denne parallellklassen. Men tross i dette har det gått bra med nynorskklassen. Elevane trivst og dei har dei læremidla dei skal ha.

AVISENE SKRÅMER FOLK

- I haust prøvde vi å få i stand ein ny parallell-klasse med nynorsk opplæringsmål. Det meldte seg faktisk nok elevar, men dei kom frå ulike skolekrinsar i kommunen. Skulle vi få ein klasse, måtte ein del fare med buss. Vi fekk derfor nokre elevar plasserte i den klassen som allereie var i Tromsødalen, slik at 1. og 2. klasse no går i lag.

- Avisene, og særleg bladet "Tromsø", har skrive mykje negativt om parallellklassen og forvrengd saka. Dette har gjort at mange foreldre har blitt engstelege. Ungane er blitt framstilte som "prøveklutar", noko som ikkje er tilfelle. Parallellklassen fungerer heilt normalt.

NYNORSKEN TIDLEG UTE I NORD-NOREG

Skrivaren i Noregs Mållag, Olaf Almenningen, kunne fortelje at nynorsken var like tidleg ute i Nord-Noreg som elles i landet. Allereie ved hundreårsskiftet blei nynorsken førd inn i Hattfjelldal og Vefsn. I Vefsn er det enno elevar med nynorsk som hovudmål i skolen, og i Hattfjelldal er nynorsk skolemål i utkantkrinsane enno.

- Størst var framgangen i Nord-Noreg etter 1938-rettskrivinga. I 30-åra gjekk nynorskprosenten opp frå 20 til om lag 35. Av dei 812 skolekrinsane som gjekk over til nynorsk i 1938 og 39 var det 155 i Nordland og 133 i Troms.

VIKTIG MED NYNORSK HEILT FRÅ 1. KLASSE

Almenningen kom og inn på korfor nynorsken gjekk så sterkt attende i Nord-Noreg etter krigen. Mange skolekrinsar hadde nynorsk berre på papiret. Nynorske lærebøker fekk dei ikkje tak i under krigen. I det heile øydela krigen mykje.

- Etter krigen kom det mange erstatningslærarar til Nord-Noreg. Dei var ofte bokmålsvenlege eller dei kunne ikkje nynorsk. Og då foreldreaksjonen og skolesentraliseringa kom, og det blei kravd nye skolemålsrøystingar for å kaste nynorsken ut att, var det mange målfolk som resignerte. Dei møtte ikkje fram til røystingane, eller dei rett og slett gav seg over og røysta bokmål. Det var få stader det blei drive aktivt arbeid for å få folk til å halde på nynorsken.

- I dag trur eg vi skal greie å stå imot desse praktiske argumenta. Det er viktig å få folk til å skrive nynorsk heilt frå første klasse. Nynorsk skriftmål har bruk for dei nordnorske dialektane, og desse treng på si side nynorsken.

NYE MÅLUNGDOMSLAG OG SKOLEMÅLSNEMNDER

Det er no andre gongen på to år at det blir arrangert NORDNORSK MÅLTING. I år samla målttinget 60-70 utsendingar frå Vadsø i nordaust til Bodø i sør. Dessutan var Noregs Mållag og Norsk Målungdom representerte med folk. Og ekstra gledeleg var det å få høyre frå dei eldre målfolka som har vore med og rydda grunnen for at vi no kan drive målarbeid i det heile.

Positivt er det og at det ser ut til at det skal bli danna fire nye målungormslag nord for Polarsirkelen. I Bodø, Tromsø og Målselv vil det og i nær framtid bli skipa skolemålsnemnder.

Det er Norsk Målungdom sitt Arbeidsutval i Nord-Noreg som har stått bak dette måltinget, og dei har hatt ei eiga Måltingnemnd som har arbeidd med dette måltinget sia først i september.

ARBEIDE FOR PARALLELLKLASSAR OG SKOLEMÅLSRØYSTINGAR

Hovudmålet med NORDNORSK MÅLTING var å diskutere korleis ein skulle legge opp arbeidet med å få nynorsken inn som skolemål i landsdelen. Det var stor semje om at dette arbeidet må intensiverast no. Det blei og skissert opp planar for korleis dette arbeidet kunne drivast.

Det blei vedtatt fleire fråsegner på NORDNORSK Målting. Hovudfråsegna (sjå lengre nede på sida) oppmodar folk til å ta nynorsk skriftspråk i bruk på alle område. Særleg innafor skolen må alle vegar som finst til å velje nynorsk, nyttast.

AVISENE MÅ GJEVE NYNORSKEN STØRRE ROM

Elles vedtok NORDNORSK MÅLTING to fråsegner om betre norskopplæring, særleg i lærarskolen. Det blei og kravd at frittstående statsinstitusjonar som statskontrollerte oljeselskap, NRK, Postdirektoratet og Statens vegvesen, må ta omsyn til rett bruk av norske stadnamn.

Det blei og uttrykt glede over at NRK har gjeve betre plass til nordnorske dialektar i lokal-sendingane, men måltinget venta at dialektane og nynorsken måtte få ein breiare plass.

Avisene i landsdelen, unnateke Nye Troms, blei kritiserte for at skriftformene deira ligg så langt frå talemålet og at nynorsken får så lite rom. Avisene er med på å nedvurdere dialektane ved at ingen i redaksjonen nyttar nynorsk. NORDNORSK MÅLTING meinte derfor at i alle fall dei store avisene måtte tilsette minst ein journalist som skriv nynorsk.

fråsegn:

TA NYNORSKEN TIL SKOLEMÅL

Målfolk frå heile Nord-Noreg samla til NORDNORSK MÅLTING 6. og 7. november 1976 oppmodar folk i Nord-Noreg til å ta nynorsk skriftspråk i bruk på alle område.

Skolen er det viktigaste bruksområdet for nynorsken, og derfor er det på dette området at nynorsken bør innførast no.

Nynorsken ligg nærmast dialektane i Nord-Noreg.

Viktigaste grunnen til at foreldra bør velje nynorsk for borna når dei tar til på skolen, er at borna lærer lettare eit skriftspråk som ligg nær dialekten. Det er ein stor fordel at elevane får opplæring på eit mål som er kjend og heimleg.

Nynorsken bygger på dialektane.

Ein annan viktig grunn til å velje nynorsk til opplæringsmål er at nynorsken er samnemnaren for dialektane i bygd og by. Både i lydverk, bøyingsformer og seiemåte er han eit betre skriftleg uttrykk for dialektane her i landet enn bokmålet er.

NORDNORSK MÅLTING oppmodar folk til å nytte alle vegar som finst for å velje nynorsk i skolen:

- I. Foreldre til born under 14 år må krevje røysting over kva skolemål det skal vere i skolekrinsen: nynorsk eller bokmål.
- II. Der det ikkje er mogeleg på kort sikt å stemme nynorsken inn som skolemål, kan foreldre gå saman om å danne nynorske parallellklassar. Det trengst foreldre til minst 10 elevar på eit av klassestega i barneskolen for at ein slik klasse kan starte.

III. Ungdomen kan sjølv velje nynorsk som hovudmål frå 8. klasse i ungdomsskolen og i alle vidaregåande skolar.

Det er fleire vegar å gå fram. Det viktigaste er no at folket reiser striden for sitt eige mål.

Folk i Nord-Noreg:

VEL NYNORSK I SKOLEN!



Foto: S. Øving

VISEGRUPPA LOVISA FRÅ SVOLVÆR MED JACK BERNTSEN I SPISSEN SOM UNDERHELDT PÅ MÅLTINGSFESTEN.

Vi må få NYNORSK i skolen

Espenesbogen er ei bygd i Dyrøy kommune i Troms med om lag 350 menneske. Herifrå kjem Trond Østrem. Han kom farande til NORDNORSK MÅLTING 76 med ein gitar i eine handa og godt lynne, ein haug med visar og ein sovepose i hi handa.

- Korleis er det med kulturaktiviteten i Espenesbogen, Trond?

- Ungdoms- og idrettslaget har no sett i gang med kulturkveldar. Vi hadde ein for ei stund sia der visegruppa "Lovisa" frå Svolvær var med. Frammøtet var så godt at vi kjem til å fortsetje med dette og kanskje satse endå meire på lokale krefter.

- Enn målsak då?

- Alle skolekrinsane i Dyrøy hadde jo ein gong i tida nynorsk, men etter at han blei kasta ut, har det ikkje vore noko aktivitet.

Men eg kunne tenke meg at ungdomslaget fekk i gang diskusjonskveldar. Eit av emna kunne jo godt vere målsak.

- Kva meiner folk om nynorsken?

- Dei er nok klår over at dialektane ligg nærmest nynorsken. Folk har ikkje noko uvilje mot nynorsken. Men dei er så innarbeidde i bokmålet at dei går nok ikkje over til nynorsk utan vidare.

- Har du fått noko utbytte av målttinget då?

- Det var gjevande å høyre om korleis skolemålsarbeidet har vore drive. Eg ser lysare på arbeidet for nynorsk skolemål no.

Dialektaksjonen var eg borti i år.

Elles var det interessant å snakke med folk frå andre distrikt. Målttinget har fungert fint, men det hadde vore betre med fleire gruppediskusjonar.

- Er det sjansar for å få inn nynorsken i Dyrøy igjen då?

- Vi må satse utifrå kor sterke vi står på dei enkelte plassane. Parallellklasse-arbeidet bør startast på alle stader der det er nok elevar. Arbeidet for å få i stand reine skolemålsrøystingar er det langsiktige målet.

I heimbygda mi er det ikkje nok elevar til ein parallellklasse. Såleis blir det arbeidet litt problematisk. Men vi må setje alt inn på å overtyde folk om at dialekten ligg nærmest nynorsk og at ungane må få nynorsk i skolen.

- Dokker har ikkje eige målungdomslag, kva med det?

- Vi skal prøve å starte eit. Førebels er vi berre to personar, men vi har håp om at det skal gå bra. Kulturarbeidet har god grobott i Espenesbogen.

Læremiddelmøte i Målselv

«EI LUMSK ROLLE»

Onsdag 26. oktober arrangerte Målselv Målungdom ope møte om læremiddelsaka. Frammøtet var godt, 30 - 40 menneske var samla i kinosalen på Andselv.

Representantar frå Unge Høgre, Senterungdommen og Raud Ungdom var med i panelet ved sida av folk frå Målselv Målungdom, AU-Nord og Målselv Mållag.

LØYVINGANE - TIL Å FLIRE ÅT

Guri Nymo innleidde om jamstillinga. Ho kom inn på korleis situasjonen er i dag for nynorskelevane. Sjølv om jamstillingsparagrafen (§ 38) i lov om vidaregåande opplæring tok til å gjelde frå 1. jan. i år, får nynorskelevane ikkje alle lærebøkene og oppgåvene på nynorsk. Undervisninga er og på bokmål slik at ein heile tida må drive og setje om til nynorsk.

Løyvingane til nynorske lærebøker er og mest berre å flire åt. Auken i løyvingane dekkar knapt nok prisauken. Vi treng 20 mill over 3 år.

UNGE HØGRE I HARD VIND

I ordsiftet etterpå var det serleg Unge Høgre som var ute i hardt vær. Dei stødde læremiddelaksjonane, men vinden blei friskare når sidemålsaksjonane blei trekte inn. Som ein av møtedeltakarane sa det: "Høgre har alltid spelt ei lumske rolle i målsaka." Fagre ord frå panelet greidde dessverre ikkje å rette opp dette synet.

Då kom representantane frå Senterungdommen og Raud Ungdom betre ifrå diskusjonen. Dei støtta fullt ut både læremiddelaksjonane og arbeidet for å halde på den obligatoriske sidemålsstilen.

Fleire lag og organisasjonar var bydd inn til dette møtet, m.a. ordføraren i Målselv, men dei møtte ikkje. Vi får vone at dei viser seg ved eit seinare høve.

Målselv Målungdom hadde alt i alt lagt opp til eit koseleg møte. I mellom slaga var det visesong og diktopplesing. Ja, det vart til og med ein svingom til slutt.

TONE SKANCKE HANSEN,VADSÖ:

FOLK MÅ FÅ VITE MEIR OM NYNORSKEN!

Mellom alle dei røynde målungdomane på NORDNORSK MÅLTING 76, trefte vi og to nye fjes. Tone Skancke Hansen og Lisbeth Mikalsen kom heilt ifrå Vadsø. Dei var utsendingar frå Vadsø gymnas. Tone kjem ifrå sjølve Vadsø mens Lisbeth kjem frå Båtsfjord. Begge går i 2. klasse.

Målfront hadde ein liten prat med Tone for å finne ut korfor dei var på NORDNORSK MÅLTING.

VI SNAKKAR DIALEKT

- Men Tone, snakkar dokker ikkje riksmål i Finnmark då?

- Nei, vi snakkar då ein dialekt som alle andre. I Vadsø seier vi "e", "kor" og "kossen", og vi bruker fleire andre ord som verken er riksmål eller bokmål.

- Er det stor forskjell mellom dialekten i Vadsø og andre stader i Finnmark?

- Vi treng ikkje fare lenger enn 17 km til Vestre Jakobselv for å høyre forskjell. Vi seier f. eks. "veint på me" mens dei seier "vænt". Forskjellen kjem nok av at det er mange kvenar der.

Mellom Vadsø og Vardø er det og forskjell. Der heiter det f.eks. jemt over "æ" og "fesk" mens vi seier "a" og "fisk".

LÆRD MYKJE PÅ MÅLTINGET

- Enn ka med nynorsk i Vadsø?

- Alle dei om lag 250 elevane som går på gymnas, har bokmål til hovudmål og nynorsk til sidemål. Eg trur det vil gå lang tid før nokon vil velje nynorsk til hovudmål.

- Du har vore på NORDNORSK MÅLTING 76 i to dagar. Ka har du fått igjen for det?

- Eg må seie at eg har lærd mykje. Før eg kom hit visste eg svært lite om målsak. Eg blei og forundra over å få vite at elevane sjølve kan velje om dei vil ha nynorsk eller bokmål til hovudmål. Denne regelen gjeld jo frå og med åttande klasse og i alle vidaregåande skolar.

Når det gjeld sjølve måltिंगet, så var gruppediskusjonane gode. Det var lettare å diskutere i grupper enn når alle var samla.

BETRE INFORMASJON I SKOLEN

- Og no skal dokker tilbake til Vadsø og begynne å arbeide for nynorsken og dialektane?

- Vi veit nok enno litt for lite til at vi kan setje i gang noko arbeid. Men vi skal no informere dei andre elevane på eit allmøte når vi kjem heim.

Og så håper vi at Norsk Målungdom i Nord-Noreg sender eit par personar som kan kome på skolen og informere oss om dialektane og nynorsken.

- For det som trengst er at folk får betre kjennskap til dialektane og samanhengen mellom dei og nynorsken!

- - - - -

Vi får berre legge til for eiga rekning at etter kvart som samtalen skrei fram, blei vi meir og meir overttydd om at Finnmarksmålet ikkje er bokmål, men tvert om ligg nærmare nynorsken.

**Vi
held
fram**

med å ha ope kvar
kveld til Kl. 23.
(unnateke laurdag)

KYLLING
HAMBURGER
PIZZA
PØLSE
LITENS-ØRUG
GRUPP. M. M.

PØLSE
KAFETERIA

tronderheimen

KAFFISTOVE -- HOTELL

TRONDHEIM

TLF.(075)27030

**TING
DAGOGTID**

ADR:KR.AUGUSTSGT.14,OSLO 1.



NAUTLAGET

NAUTLAGET ER EI PARTIPOLITISK UBUNDEN FORENING AV SKRIBENTAR SOM VI MEINER HAR DRITI SEG UT. DET ER IKKJE NAUDSYNT Å SÖKJE OM MEDLEMSKAP, DET ORDNAR VI. DESSUTAN ER DET GRATIS.

Bekjemp målrørsla

TIL DEM SOM ALLTID KLAGER!

Aldri har menneskene i Norge hatt det bedre enn i dag! Vi har nok mat, pene klær, gode hus, vakre hjem, nye biler, og utallige andre goder som velferdssamfunnet kan tilby oss.

Men velferdssamfunnet er i dag utsatt for en uhemmet hets fra enkelte hold. Sosialister, salongradikalene (liberale) og unge konservative ser det som sin oppgave å «belyse medaljens bakside», og således utbre misnøye i befolkningen. Denne utviklingen tjener ingen andre enn bolsjevikene, som vi nå bør innta en klar front mot.

Den største fare for at den gamle norske kultur (jamf. Osebergskipet) skal gå til grunne, ligger i målrørsla. Denne bør bekjempes med tilstrekkelig harde midler.

Undertegnede vil ikke lukke øynene for at det fremdeles finnes enkelte små fell og skjevheter i det norske samfunnet (vegutbygging, tilskudd til næringslivet, etc.).

Disse bør vi bruke oljepengene våre til å rette på.

Det vil være vanskelig å forsøke å forandre det norske samfunnet. Det kan ikke bli bedre!

(Dalens Tidende, 13/2 1974)
J. V.

HAR DU TENKT OVER DETTE MED SPROGET?

Kjære velger, du har ikke lov til å være likegyldig og passiv i sprogspørsmålet. Vet du ikke at sproget faktisk er det viktigste av alt? Har du virkelig tenkt over dette med sproget? Når du tenker deg om, forstår du at sproget er det eneste kommunikasjonsmiddel vi har og at vi må passe på det så

det ikke blir ødelagt av «grasroten»...

Kjemp for alt hva du har kjært, dø om så det gjelder, da blir livet ei så svært, døden ikke heller.

H. Gaarder i Morgenavisen, H. Bergen.

Hva iallverden er vestlands- esperanto?



Forleden fant jeg på trykk den forunderlige glosen «vestlands-esperanto». Jeg vet jo at esperanto er et oppkonstruert språk som fortrinnsvis består av rent internasjonale ord og liksom skulle være et internasjonalt hjelpemiddel for folk i ulike land til å forstå hverand-

re. Men jeg ante ikke at det fantes ulike former for esperanto eller at esperanto ble snakket på Vestlandet! Hva betyr egentlig denne forunderlige glosen?

«Sprog-spikker». Hønefoss.

«Vestlands-esperanto» var det noe nedsettende navn som i sin tid ble brukt om Ivar Aasens landsmål. Nils Kjær skrev en gang om «det litterære vestlandsesperanto som er oppstaaet af støvet i Ivar Aasens lærde skrivebordskuffer».

Mon det var Ivar Aasens sprog du leste om? Eller kanskje var det et eller annet knotte-mål som fikk betegnelsen «vestlandsesperanto»?

Alle Kvinner

Cappelens historieverk: nynorskfolk skriv bokmål - KVIFOR?

På forfattarlista til det nye store Norges-historieverket til Cappelen forlag finn me tre nynorskforfattarar. Jaja, tenkjer me, så får me no lesa litt av saga vår på nynorsk og då. MEN NEI! Heile verket skal koma på bokmål, får me vita. Målfolk og andre spør seg naturleg nok om grunnen til det-

te: Har forfattarane sjølve valt å skriva bokmål- eller er det press frå utgjevaren som har fått dei til å gje etter?

"Målfront" har i ein samtale med ein av dei tre, amanuensis Ståle Dyrvik på Historisk Institutt ved Universitetet i Bergen, spurt om hans syn på dette.

Om bakgrunnen for saka fortel Ståle Dyrvik mellom anna:

-Planlegginga av det nye historieverket vart påbyrja i 1968/69. Forlaget tok kontakt med Knut Mykland, professor ved Universitetet i Bergen, som fekk oppgåva som redaktør for verket. Han skulle få tak i forfattarar, og etter det eg kjenner til, var det på det tidspunkt ikkje teke stilling til kva målform verket skulle føreliggja på. Ein av forfattarane som var inne i biletet sette som avgjort krav å få skriva på nynorsk. Diverre laut han på grunn av andre gjeremål seia frå seg oppdraget. For han, som hadde ein posisjon som fagmann og forfattar hadde det vore mogeleg å koma nokon veg med krava, meiner Ståle Dyrvik.

Sto åleine

-For min eigen del var eg ung student då eg i 1970 fekk førespurnad om å vera ansvarleg for bandet om 1700-talet i norsk historie. Eg stilte då spørsmål til forlaget om kva målform boka skulle skrivast på, og fekk grei beskjed om at ville eg vera med fekk eg skriva bokmål.

På det tidspunkt var eg åleine om å vera interessert i å skriva nynorsk. Etter dette kom og to andre nynorskforfattarar med i arbeidet med historieverket, fortel Ståle Dyrvik. Men - både Kåre Lunden frå Sunnfjord og Hans Try frå Søgne kom inn ein og ein og fekk same absolutte krav som meg når det galdt å skriva bokmål.

Slik kom me altså, paradoksalt nok, i den stoda at tre forfattarar som alle helst ville skriva nynorsk ikkje eingong tok opp kampen for dette på grunn av at me kom inn ein og ein.

For min eigen del må eg seia at det som i byrjings verka som ei kurant sak har utvikla seg til noko av ei audmykjing. Eg innser no at eg skulle vore stridare, men - det ville ha innebore at eg hadde vorte sett utanfor arbeidet. Viss alle tre hadde kome med samstundes hadde det kanskje stilt seg annleis.

Redsle for ikkje å få selgja

-Kvifor trur du forlaget sto så hardt på kravet om bokmål, Ståle Dyrvik?

-Under heile arbeidet med verket har det vorte sterkt understreka at dei 15 banda skal vera ein einskap - det skal gå ein raud tråd gjennom dei. Det te gjeld ikkje minst framstillingsforma, og dermed språket. Alle manuskripta skal mellom anna rettast etter ei viss norm før dei går i trykken.

Ståle Dyrvik vil ikkje vera med på at dette er uttrykk for direkte reaksjon frå forlaget si side.

-Snarare trur eg forlaget sin politikk botnar i ein forelda skrekk for at nynorsken støyter, meiner han.

-Sjølvsagt har eg fått mange reaksjonar på dette. Nynorskfolket er naturleg nok irritert over at eg skriv bokmål - det interessante er at også eindel bokmålsfolkundrar seg over at forlagspolitikken er så strid på dette punktet.

Difor trur eg forlaget sitt press botnar i ei uturvande redsle for ikkje å få selgja, seier Ståle Dyrvik. - Dei handlar som om me framleis var i verste nynorskshetsperioden.

Tapt på viktig område

-Som før sagt hadde eg aldri lete meg pressa til å skriva på bokmål i dag, seier Ståle Dyrvik. - No veit eg at eg hadde oppnådd noko ved å vera sta.

Som ei understreking av dette fortel han at han i det siste har fått medhald i målkrava sine i Cappelen. - Før arbeidet med ei ny bok, der eg sjølv er redaktør, sa eg greitt frå at mine artiklar skulle skrivast på nynorsk, og dette vart utan vidare god teke.

Men - sjølv om dette ser bra ut må me vera klar over skilnaden på desse to boktypene. Den siste representerer faglitteratur som i stor grad kjem til å selgja seg sjølv utan omsyn til målform.



STÅLE DYRVIK

Cappelens historieverk derimot er eit typisk "salgsverk" - som vender seg til breie kjøparlag.

-Difor meiner eg vi har tapt på eit viktig område når ei slik bok vert "pressa ut" på bokmål, seier Ståle Dyrvik.

-Likevel meiner eg det er gale å framstilla Cappelen som målkuarar. Problemet deira er at dei er redde for å ta dei små sjansane som vil føra oss framover - og det er synd for dei, seier Ståle Dyrvik vidare.

Mykje av glæda ved å skriva borte

-Kvifor angrar du i dag på at du ikkje sto hardare på kravet om å få nytta ditt eige mål?

-For det fyrste må eg seia det har hemma meg i arbeidet å ikkje få skriva på nynorsk. Særleg tykkjer eg det har vore bakvendt med det emnet eg har fått tildelt: Eg skriv om 1700-talet i norsk historie, og det seier seg sjølv at det handlar mykje om bondesamfunnet. Og vidare - når ein skriv om noko så ekte norsk som bondesamfunnet er det vanskeleg å uttrykkja seg på bokmål. Eg vil seia det så sterkt at mykje av glæda ved å skriva er borte, seier Ståle Dyrvik.

Han understrekar vidare at forma er viktig i eit slikt verk. Gjennom den skal ein riva lesaren med - dette krev både framstillingsmessig og språkleg noko heilt spesielt av forfattaren.

-Dessutan opplever eg språket som ein del av kulturen, og det seier seg sjølv at det er lettast å nytta eit språk som har røter i den kulturen ein omtalar.

Universitetsbiblioteket
Oslo

Postboks 115, 5014 Bergen-Universitetet

målfront

Boka får du i bokhandelen

Prosa debut av
forfatteren som
fekk Vesaas-
prisen i fjor

INGVAR
MOE

**Sommaren
te
Ingjeberr**

Bygdaprosa
Kr 36,00

Samlaget



sentralt i
by og bygd

VESTLANDSBANKEN

Kaffistova
TIL
BONDEUNGDOMSLAGET
TORGET 1, BERGEN



DU FÅR MAT PÅ
FLEKKEN

Hotell Hordaheimen
C. Sundagst. 18 - Tlf. 23 23 20

Kaffistova til BUL
Torget 1 - Tlf. 21 22 10

Paradis
Konfekt- og Thesalong
Ved vegkrysset, Paradis - Tlf. 27 26 66

Møtehuset Fensal
K. Oseangst. 15 - Tlf. 23 21 18

Grillstova
C. Sundagst. 18

**LAGSBRUKI TIL
BONDEUNGDOMSLAGET I BERGEN LIL**

ORD FRÅ MÅLET ARGUMENT FOR MÅLET

IVAR AASEN: Norsk Maalbunad. Andre ut-
gåva. Hf. kr. 40, ib. kr. 60.

«Den kræsne målbrukaren som leitar etter eit rå-
kande ord for konsis formulering av ei meining,
har her eit hav å ausa av. Gerhard Garatun-Tjeldstø
i Bergens Tidende.

GUSTAV INDREBØ: Kva er målreising? Kr.
35.

«boka som alle målfolk bør sikra seg anten dei
meiner det eine eller det andre.» Olaf Almenningen
i Dag og Tid.

**NORSK BOKREIDINGSLAG
BERGEN.**

Ola Raknes

FRANSK – NORSK ORDBOK

Meir omfattande fransk-norsk ordbok finst korkje på ny-
norsk eller bokmål!

1100 sider oppslagsord med uvanleg mange synonym. Bo-
ka, som lenge har vore utseld, er no komen i nytt opplag i
god innbinding.

Kr. 120,00

NOREGS BOKLAG